


# Kommunikasjonsplan

Sunnfjord kommune



# Innleiing

I løpet av dei neste to åra skal Sunnfjord kommune etablerast. Dette er ein prosess som involverer innbyggjarar, tilsette, folkevalde og andre aktørar i dei fire kommunane som no vert ein.

Intensjonsavtala som er vedtatt i dei fire kommunestyra er oppdraget for den nye kommunen. Kommunikasjonen skal ha ei form og eit innhald som bygger oppunder måla i intensjonsavtala.

God kommunikasjon og informasjonsflyt er avgjerdande for god involvering i arbeidet. Ein ny identitet vert skapt i åra som kjem. Måten vi vel å kommunisere på er grunnlag for den nye identiteten. Sunnfjord kommune sitt omdøme og legitimitet heng tett i hop med kommunikasjonskulturen. Kommunikasjonsplanen er eit verktøy for å sikre god informasjonsflyt.

Denne kommunikasjonsplanen er gjeldande i prosjektperioden fram til Sunnfjord kommune trer i kraft 01.01.2020.

Nokre aktuelle lovverk som ligg til grunn for kommunikasjonsplanen; Kommuneleva, Offentleglova, Forvaltningslova, Arkivlova, Arbeidsmiljølova og Grunnlova.

Gaular, Naustdal, Førde og Jølster vedtok i juni 2015 ein intensjonsavtale for ny kommune i indre Sunnfjord.

## Hovudmål:

Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane

Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

## Delmål:

Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst

Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen

Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering

Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

# INTENSJONSAVTALE

# Prinsipp for å nå kommunikasjonsmål

## Relevant, oppdatert og tilgjengeleg

Vår kommunikasjon om prosessen i planarbeidet og viktige politiske vedtak skal vere relevant, oppdatert og tilgjengeleg.

- Legge til rette for innsyn i forvaltinga
- Tydleg og relevant informasjon om prosessen
- Aktivt opplyse om målgruppa sine rettar, pliktar og moglegheiter
- Tydleg profil og avsendar
- Gode rutinar for handtering av førespurnadar
- Legge til rette for medverknad
- Informasjonen frå kommunen skal vere i tråd med universell utforming

## Medverknad, identitet og forankring internt i kommunane

- Tilsette må verte godt informert om arbeidet med ny kommune, og ha høve til medverknad for å skape tryggleik og identitet til Sunnfjord kommune.
- Kommunane har einingar fordelt på mange bygg i ulike delar av dei fire kommunane. Alle må få lik informasjon og likt høve til medverknad.
- Alle må kjenne sine roller og sitt ansvar knytt til informasjonsflyt.
- Auke forståinga av at alle tilsette er ambassadørar for Sunnfjord kommune gjennom måten dei vel å kommunisere.
- Oppmuntre og gjere kvar tilsett ansvarleg for å ta imot informasjon.
- Vere lojale mot politiske vedtak.

## Identitet

Skape engasjement og interesse hos alle som har interesse for Sunnfjord kommune. Bidra til at dei får høve til å påverke og delta i utforminga av ny kommune.

## Informasjon

Gjere interessentane kjende med prosessen, resultat og målsetningar i reformarbeidet.

## Tryggleik

Skape tillit til arbeidet som vert gjort blant tilsette og brukarar av tenestene til kommunen.

## Fremje omdøme

Fremje omdøme gjennom måten vi vel å kommunisere på. Kommunikasjonen skal bidra til at alle interessentar er ambassadørar for Sunnfjord kommune.

**KOMMUNIKASJONSMÅL**

## Roller i kommunikasjonsarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å sikre god kommunikasjon. Måten vi deltek i informasjonsflyten speglar haldningane våre. Ved å ta eit positivt ansvar for kommunikasjon kan ein bidra til å auke kvaliteten i arbeidet som vert gjort.

Ei sak er ikkje ferdig handsama før det er planlagt korleis den skal kommuniserast. Ein kvar eigar av ei sak må fylle dette ansvaret for at informasjon skal nå ut til aktuell målgruppe.

- **Prosjektleder/ny rådmann med administrativ styringsgruppe** - overordna kommunikasjonsansvar - administrativt
- **Fellesnemnda** - overordna kommunikasjonsansvar - politisk
- **Folkevalde i kommunane** kan uttale seg om alle saker - viktig å hugse på arbeidsgjevaransvar
- **Prosjektkoordinator med sekretariat** - Samkøyre kommunikasjon mellom dei ulike gruppene i prosjektperioden. Legg til rette for informasjonsflyt internt og eksternt, og set i verk tiltak i kommunikasjonsplanen.
- **Leiarar** - ansvar for at informasjon når ut til sine tilsette
- **Tilsette** - har sjølve eit ansvar for å halde seg orinetert
- **Tillitsvalde og verneombod** - halde seg oppdaterte for å ta i vare tilsette sine interesser, og å bidra til god informasjonsflyt

## Målretta kommunikasjon

Avklare kven som til ei kvar tid er relevant målgruppe for aktuell informasjon.

Ha kunnskap om kva kanalar som skal nyttast for å nå dei ulike målgruppene.

Legge til rette for at målgruppene kan engasjere seg og delta i kommunen sitt arbeid.

### Målgrupper:

Alle som har interesse for Sunnfjord kommune er å rekne som interessentar – desse kan grupperast i ulike målgrupper

- tilsette
- folkevalde
- alle som bur, arbeider eller besøker Sunnfjord kommune
- alle som brukar kommunen sine tenester
- media
- næringsliv
- frivillige lag og organisasjonar

**MÅLRETTA**

## Kanal

## Målgruppe

## Innhold



### Facebook

- Sunnfjord kommune
- Kommunane sine FB sider
- Opa gruppe for tilsette i Sunnfjord kommune

Innbyggjarar, folkevalde, tilsette og andre som har interesser i Sunnfjord kommune.

Dele informasjon om prosess, mål og resultat

Arena for dialog



### Nettider

- Ny/oppdatert nettside for prosjektperioden

Innbyggjarar, folkevalde, tilsette og andre som har interesser i Sunnfjord kommune.

Innholdsliverandør for digitale og sosiale kanalar.

Både innehalde informasjon og vere forum for dialog.



### Epost

- Nyhetsbrev
- Informasjon

Tilsette og folkevalde

Dele informasjon om prosess, mål og resultat



### Presse

Innbyggjarar, folkevalde, tilsette og andre som har interesser i Sunnfjord kommune.

Aktuelle nyhende i reformarbeidet.

## Kanal

## Målgruppe


## Innhold



**Intranett -SharePoint**

Tilsette


Informasjonskanal og verktøy i prosjektperioden for alle som er involvert i planlegging av ny kommune.



**Møter**

Innbyggjarar, folkevalde, tilsette og andre som har interesser i Sunnfjord kommune.

Folkemøter  
Personalmøter  
Kontormøter  
Møter administrative  
Møter politiske



**KommuneTV**

Innbyggjarar, folkevalde, tilsette og andre som har interesser i Sunnfjord kommune.

Strømme møtene i fellesnemnda